

Andakt for Skjærtorsdag

Bøn:

Herre Jesus Kristus,
du gav deg sjølv til soning for syndene våre
og innbyd oss til ditt heilage måltid.
Vi bed deg:
Samein oss med deg i brødet og vinen.
Ver oss nær sjølv når vi sviktar,
og lat oss med heile di kyrkje samlast hos deg
i ditt fullenda rike,
du som med din Far og Den heilage ande lever og råder,
ein sann Gud frå æve til æve.
Amen.

Andakt:

I bibelteksta for denne dagen, Skjærtorsdag, (Luk 22,14 – 23) så seier Jesus: «Eg har lengta inderleg etter å eta dette påskemåltidet i lag med dykk.»

Eg vil låne desse orda frå Jesus og seie at eg har lengta inderleg etter å feire nattverd saman med kyrkjelydane i Utvik, Innvik og Olden, no i denne påska. Det er lenge sidan vi har kunna feire nattverd saman med kyrkjelydane. Og då smertar det ekstra, når ein ikkje kan feire nattverd saman, og det no i denne påska. Eg kjenner på at det er eit like stort sakn frå kyrkjemedlemane.

Kva er det som gjer at vi Inegtar etter måltidet nattverden?

Det må vere fordi det vi får ved å feire nattverd.

Ja, kva er så det?

Apostelen Johannes skriv det slik i sitt evangelium (Joh 6,54 – 57) «Den som et min kropp og drikk mitt blod, **har evig liv**, og eg skal **reisa han opp på den siste dagen**. For kroppen min er sann mat, og blodet mitt er sann drikk. Den som et min kropp og drikk mitt blod, **blir verande i meg og eg i han**. Slik den levande Far har sendt meg og **eg har liv ved han**, slik skal og **den som et meg, ha liv ved meg**.»

Tenk at vi som gjer oss bruk av nattverden, og trur på Jesus, vi har evig liv, og Jesus skal reise oss opp på den siste dag. Så blir vi verande i Han og Han i oss.

Kva Har vi så i nattverden?

- 1) Vi har samfunn med Kristi lekam og blod.
- 2) Vi minnst det som Jesu gjorde i påska for oss..
- 3) Vi forkynner Jesu død og oppståde.
- 4) Vi vedkjenner frelsa i Jesu Blod.
- 5) Ein takk og lovprising for Kristi verk.
- 6) Vi forkynner Jesu atterkome.
- 7) Ein forreining i av Jesu venner i det evige Guds rike.

Bøn:

Takk, Jesus, for det som du gjorde for oss, då du døde for våre synder på krossen, og stod opp att frå dei døde. Takk, Jesus, for at du har opna vegen for oss til himmelen. Takk, for at vi som lever og trur på deg, skal få vere saman med deg i det evige Guds rike.

Amen.

Harald Runde